

## Prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjon - handsama av kontrollutvalet 25.3.2015

Prosess nr.	Tema	Start	Løpetid for prosess	Slutt	KU-møte i veke	Ansvar	Kommentar
1	Bestilling	0	2	2	2	Kontrollsjef	Dette er tida det tek frå kontrollsjef skriv bestillingssak til KU-behandling og til bestilling er sendt revisor
2	Prosjektplan	2	3	5	8	Revisor	Ref. RSK 001 nr. 10,11, 18 og 19. Revisor skal utarbeide prosjektplan på grunnlag av bestillinga frå kontrollutvalet. Tre veker er tida det tek for revisor å utarbeide prosjektplan etter at bestillinga er motteken. Kontrollutvalet skal handsame prosjektplanen i det påfølgjande møtet. Med ca. 8 møte i året, vil det vere ca. 6 veker mellom kvart møte. Revisor må etter å ha motteke bestillinga vurdere om krava til revisor i RSK 001 nr. 7 - 9 er oppfylt av revisor.
3	Oppstartsbrev	8	1	9		Revisor	Ref. RSK 001 nr. 13
4	Utpeike kontaktperson og utsending av etterspurd dokumentasjon	9	1	10		Fylkesrådmann	
5	Innsamling data	10	6	16		Revisor	Avhengig av storleik og kompleksitet av prosjektet. Kontrollutvalet får underveisrapportering i kvart møte så lenge prosjektet varer. Det vert også her vurdert å gjennomføre oppstartmøte, ref. RSK 001 nr. 14. Eventuelle endringar i probelmstillingar underveis vert avtalt med kontrollutvalet (RSK 001 nr. 15)
6	Verifisering av data	16	2	18		Fylkesrådmann	Viktig å legge inn realistisk tidsramme for verifisering av faktagrunnlaget slik at det er sikra ein felles forståing av alle fakta som er presentert i datagrunnlaget, ref. RSK 001 nr. 29. Revisor må ha sikra at alle nødvendige fakta er innhenta før det vert sent til verifisering.
7	Ferdigstilling av vurdering av datadelen og tilrådingar	18	2	20		Revisor	
8	Høyring av rapport	20	4	24		Fylkesrådmann	Ref. RSK 001 nr. 16. Fylkesrådmannen vil ha gjennomgått høyringssvaret i leiargruppa før det vert sendt revisor.
9	Ferdigstilling av rapporten	24	1	25		Revisor	Ref. RSK 001 nr. 35 - 41
10	Skrijving av saksframlegg	25	2	27	27	Kontrollsjef	Vi sikter oss inn mot det første møtet i kontrollutvalet. Når prosjektet vert bestilt er det viktig å sjå til at det vert nok tid til å få gjennomført dei forskjellige trinna i prosessen på ein trygg og forsvarleg måte. Eventuelle uklarheiter kan kontrollsjef ta opp med sågar revisor som fylkesrådmann for å få avklaringer. Kontrollsjef bør legge inn ein dialog med fylkesrådmann vedr. tid for oppfølging av tilrådingane i ein rapport.
Leikanger 3.3.2015 Einar Ulla							